



## Møteprotokoll

---

<b>Utval:</b>	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
<b>Stad:</b>	Skjenet 2, møterom i andre etasje
<b>Dato:</b>	19.11.2018
<b>Tid:</b>	09:00 - 11:10

---

### Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H – gjekk under sak 64/18
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

### Forfall:

Egil Haaland	MEDL	AP
Odd Bjarne Skogestad	MEDL	KRF
Tom Georg Indrevik	MEDL	H
Svein Petter Bergh	MEDL	SL
May Elin Limevåg	MEDL	FRP
Ernst Morten Einarsen	MEDL	H

---

### Varamedlemer som møtte:

Hilde E Lohmann Sandal	for Egil Haaland	AP
Helena Morland Hansen	for Tom Georg Indrevik	H
Kjell Rune Garlid	for Svein Petter Bergh	SL
Helge Nilsen	for Odd Bjarne Skogestad	KRF
Elizabeth Toft Erichsen	for May Elin Limevåg	V
Ingen vara	for Ernst Morten Einarsen	

---

### Andre:

Konsernsjef CCB Ågotnes Kurt Rune Andreassen, viseadm. dir. CCB Ågotnes Christian Valdes Carter, prosjektleiar Oppvekst Jon Erik Egeland, prosjektleiar Helse og velferd Åse Vik, prosjektleiar Kultur og samfunn Lennart Fjell, prosjektleiar Økonomi Svend-Fredrik Untiedt, prosjektleiar Organisasjon og digitalisering Lillian Torsvik, prosjektrådmann Rune Lid, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun  
underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 61/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 62/18	Referatsaker og orienteringar
PS 63/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
RS 7/18	KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar
RS 8/18	Oversending av dokument frå eldreråda - om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune
RS 9/18	Partssamansett utval - referat 17.04.2018
RS 10/18	Partssamansett utval - referat 12.06.2018
RS 11/18	Partssamansett utval - referat 02.10.2018
PS 64/18	Avklaring - oppstart av arbeidet med samfunnsplan, kommuneplanen sin samfunnsdel, for Nye Øygarden kommune
PS 65/18	Høyringsuttale - Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen
PS 66/18	Møteplan for Nye Øygarden kommune 2019

## PS 61/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:

Ernst M. Einarsen meldte forfall til møtet men grunna kort frist vart det ikkje kalla inn vara. Det var såleis 16 medlemmer til stades i fellesnemnda ved møtestart.

Innkalling og protokoll frå førre møte (29.10.18) vart godkjente utan kommentar.

Sakslista vart godkjent med kommentar om ei ekstra orientering frå CCB under sak 62/18.

### Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

## PS 62/18 Referatsaker og orienteringar

- Presentasjon av prosjektleiararar i Nye Øygarden kommune
- Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid – prosjektstatus
  
- RS 7/18 Referatsak – KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar
- RS 8/18 Referatsak – Oversending av dokument frå eldreråda - om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune
- RS 9/18 Partssamansett utval - referat 17.04.2018
- RS 10/18 Partssamansett utval - referat 12.06.2018

- RS 11/18 Partssamansett utval - referat 02.10.2018

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

### **Referatsaker og orienteringar**

#### Orientering om «Status Bergen Hamn til Ågotnes» v/ konsernsjef CCB Ågotnes Kurt Rune Andreassen og viseadm. dir. CCB Ågotnes Christian Valdes Carter:

Andreassen og Carter presenterte samfunnsøkonomisk analyse av å flytte godshamna i Bergen til Ågotnes. Analysen viser behov for andre og større areal enn kva som er mogleg ved hamna i Bergen, og konkluderer med at godshamn på Ågotnes kan skreddarsyast og har vekstpotensiale. Det vart samstundes peika på usikkerheit med faktorar som mellom anna Sotrasambandet. Eit muligheitsstudie vart også presentert med scenario for «den smarte, effektive og grønne hamna» fram til 2050. *Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, takka for ein god presentasjon og informerte om at presentasjonen vert sendt ut til fellesnemnda etter møtet.*

#### Presentasjon av prosjektleiararar i Nye Øygarden kommune

Prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune har valt ut følgjande prosjektleiarar som alle fekk presentere seg i fellesnemnda;

Jon Erik Egeland – Oppvekst; Åse Vik – Helse og velferd; Lennart Fjell – Kultur og samfunn; Svend-Fredrik Untiedt – Økonomi; Lillian Torsvik – Organisasjon og digitalisering.

Prosjektleiarane gav ei kort statusmelding frå sine prosjektområder. Prosjektrådmann Rune Lid avrunda med at det vert vesentleg for prosjektleiarar med rett prioritering for å sikre framdrift.

#### Orientering om prosjektstatus v/ prosjektrådmann Rune Lid:

Lid informerte om skuggebudsjett for Nye Øygarden kommune med fokus på samla driftsresultatet for dei tre kommunane. Lid gav særskilt merksemd til negative driftsresultat, aukande lånegjeld, framtidig avsetjing til infrastrukturfond og rentesensitivitet. Medlemer av fellesnemnda peika på behovet for sams vedtak knytt til eigedomsskatt, kartlegging av naturlege avgangar, og rask avgjersle av tenestelokaliserings. Budsjettet for 2019 vil behandlast på felles kommunestyremøte torsdag 17. januar 2019. Lid presenterte deretter ein overordna plan for prosjektarbeidet, og gav statusmelding om tilsetting av kommunalsjefar. Til slutt informerte Lid om prosessen med val av pensjonsleverandør for Nye Øygarden kommune. Etter høyringsperioden skal det fremjast sak til partsamansett utval og fellesnemnda sine desembermøter. *Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, takka for ein god presentasjon og informerte om at presentasjonen vert sendt ut til fellesnemnda etter møtet.*

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

## **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

## **PS 63/18 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart heller ikkje stilt spørsmål under behandlinga av saka.

**RS 7/18 KommuneROS for Sund, Fjell og Øygarden kommunar**

**Innstilling:**

Fellesnemnda tek den overordna heilskapelege risiko- og sårbarheits-analysen for Sund, Fjell og Øygarden til orientering.

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Fellesnemnda tek den overordna heilskapelege risiko- og sårbarheits-analysen for Sund, Fjell og Øygarden til orientering.

**RS 8/18 Oversending av dokument frå eldreråda - om eldreomsorga i Nye Øygarden kommune**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

**RS 9/18 Partssamansett utval - referat 17.04.2018**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

**RS 10/18 Partssamansett utval - referat 12.06.2018**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **RS 11/18 Partssamansett utval - referat 02.10.2018**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **PS 64/18 Avklaring - oppstart av arbeidet med samfunnsplan, kommuneplanen sin samfunnsdel, for Nye Øygarden kommune**

**Innstilling:**

1. Fellesnemnda legg til grunn at prosjektrapportane (når desse ligg føre) frå prosjektarbeidet som er sett i gang hausten 2018, vil kunna gje viktige premissar til grunnlaget for arbeidet med ein samfunnsplan. Desse rapportane vil prosjektrådmannen legge fram for fellesnemnda.

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Fellesnemnda diskuterte saka grundig. Kari-Anne Landro gjekk før votering og det var såleis 15 medlemer til stades då vedtak vart fatta.

Det vart ytra ynskje om å ta opp igjen diskusjonen i felles kommunestyremøte 17.januar 2019, om det vil vere mogleg med ei samanstilling av prosjektrapportane frå dei ulike prosjektgruppene før sommaren 2019.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Fellesnemnda legg til grunn at prosjektrapportane (når desse ligg føre) frå prosjektarbeidet som er sett i gang hausten 2018, vil kunna gje viktige premissar til grunnlaget for arbeidet med ein samfunnsplan. Desse rapportane vil prosjektrådmannen legge fram for fellesnemnda.

## **PS 65/18 Høyringsuttale - Vest politidistrikt si indre organisering etter endringar i kommunestrukturen**

**Innstilling:**

Fellesnemnda for nye Øygarden kommune er samd med Vest politidistrikt i vurderingane som er gjort, når det gjeld Vest politidistrikt si indre organisering ved driftseininga Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden.

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Det var 15 medlemer av fellesnemnda til stades ved behandling av saka.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune er samd med Vest politidistrikt i vurderingane som er gjort, når det gjeld Vest politidistrikt si indre organisering ved driftseininga Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden.

## **PS 66/18 Møteplan for Nye Øygarden kommune 2019**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda godkjenner møteplanen for Nye Øygarden kommune for året 2019.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Det var 15 medlemmer av fellesnemnda til stades ved behandling av saka.

Fellesnemnda vart samde om å ta med felles kommunestyremøte, torsdag 17.januar 2019, i møteplanen for Nye Øygarden kommune 2019.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.11.2018:**

Fellesnemnda godkjenner møteplanen for Nye Øygarden kommune for året 2019, inkludert felles kommunestyremøte torsdag 17.januar 2019.